

## Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 27. mars 2023 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Anders Fagerjord (instituttleiar), Daniel Jung (digital kultur), Carl Börstell (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norskksursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Sarita Helen Øygard, Saskia Cowan og Marielle Larsen (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Frå administrasjonen: Mona Vervik Uthaug, Linnea Reitan Jensen, Lene Tøftestuen, Kjersti Ure, Amund Sørås

Meldt forfall: Peter Svare Valeur

### Saksliste

|   |   |
|---|---|
| UUI-sak 5/23: Godkjenning av innkalling og saksliste.....                               | 1 |
| UUI-sak 6/23: Orienteringssaker .....   | 1 |
| Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt) .....                               | 1 |
| Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar .....                               | 1 |
| Orienteringssak 3: Arbeidsstover i Leganto .....  | 3 |
| Orienteringssak 4: Kontaktperson for å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod .....   | 3 |
| UUI-sak: 7/23 Drøftingssaker .....  | 3 |
| Drøftingssak 1: Korleis handtere tilbakemeldingar frå studentar om læringsmiljøet ..... | 3 |
| UUI-sak 8/23: Ymist .....   | 4 |

### UUI-sak 5/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 6/23: Orienteringssaker

#### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)

Godkjent på sirkulasjon.

#### Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk *tre* minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Keld: Vi er sjokkert over den nye bemanningsplanen der vi mistar to stillingar. Ut frå kriteria hadde vi forventa at det skulle slå godt ut for vår del. Særleg når det gjeld kvalitet, men òg når det gjeld publisering. Studentane våre er engasjerte, og vil ta master for å «redde oss». Vi er vande med at faget vårt blir snakka ned, og med denne massive støtta vi no får, blir vi veldig bevisste på kor viktige

vi er i kulturlivet. Teater er ein viktig kultur og kunstinstitusjon. Vi leverer mange studentar til arbeidslivet knytt til teater. Kvaliteten vår blir ikkje nemnd i det heile i sakspapira til bemanningsplanen. Vi har tett kontakt med arbeidslivet og har praksis, vi prøver å få til samarbeidsprosjekt på tvers. Forskingsprosjekta våre er ikkje nemnde.

Matti: Vi har fått ein del BA-studentar, vi er ikkje sikre på om dei kjem til å fullføre dette semesteret. Studentane møter stabilt opp til undervisning, og det er oppmuntrande. Tradisjonelt sett har ikkje oppmøtet vore så bra. Vi har blitt kontakta av ein potensiell masterstudent, som vil skrive om norsk 16-1700-talslatin.

Marielle: Vi har sendt inn og fått godkjent budsjett. Vi er i gong med å velje representantar til IU, UUI og IR. Vi planlegg sommaravslutning.

Sarita: Alle studentane er opptatte av dette med teatervitskap. På kunsthistorie har vi vore på studietur til Aten. Det var viktig for læring og samhald. Vi trur det gir god rekruttering til masterstudiet.

Eike: Eg trur det går ganske bra i miljøet. Vi har god rekruttering til master, litt lågare på bachelor. Vi driv studentaktiv læring. Vi prøver å setje studentane i kontakt med arbeidslivet. Vi hadde ein ekskursjon til Oslo i slutten av februar. Vi skal ha studentkonferanse snart i samarbeid med Cambridge og andre universitet i England og Europa. Det kjem mange gjester. 26 foredrag, og ein glimrande måte for våre masterstudentar å møte andre. Vi får besøk av forskarar frå Praha i slutten av juni. Med spesielt fokus på digital humanities.

Agnete: Vi har hatt litt utfordringar med norsk som andrespråk grunna sjukmeldingar. Men revisjon av Prisme går som det skal. Har fått nokre nye masterstudentar. Vi har hatt positiv erfaring med scanning av oppmøte på seminar. Dei synest det er greitt, og vi har ikkje fått negativ respons. Vi er urolege for stilling på nordisk språk, vi veit at avgangen skal erstattast, men det er ikkje sikkert språk får den stillinga.

Ilka: Vi er ferdige med NOR-INTRO for i vår, i gang med eksamen. Vi planlegg hausten og skal ha møte om dette. Fleire kurs og færre pengar. Vi får besøk frå Cluj. Vi får òg besøk frå Erasmus, Kjekt at våre tilsette har vore inne og hjelpt til på KFK når det var sjukmeldingar der.

Calle: Vi har fått eit fagutval! Det er veldig kjekt! Dei organiserte fagkritisk dag og der var det godt oppmøte. Vi har starta eit emneråd for exfac i lag med IF og FOF. Vi håpar på å få inn vikar og professor 2 til hausten sidan vi treng undervisningskrefter. Får PhD og postdoc.

Ragnhild: Fagmiljøet hadde profesjonsførelesing for lektor i 3. semester. Det fungerer veldig fint. Det kunne godt ha kome fleire. Dei som var der, viste stor interesse. Ein student takka alle bidragsytarane i handa etter førelesinga. Dette semesteret går det greitt, men vi er urolege for hausten med tanke på undervisningskrefter.

Frode: Vi fekk ein god rapport frå ekstern fagfelle. Oppmeldingstala er heilt greie. Vi har meir enn nok på master, litt i overkant. Redesign av lektorutdanninga tar opp mykje tid. Vi håpar det blir betre enn dagens løysing. Vi har ei utfordring til hausten. Det er eit permanent underskot på rettleiarar i litteraturdidaktikk.

Ingrid: Vi er nett tilbake frå Aten, det var veldig bra. Vi har ei sjukmelding på ein av lektorane. Vi har mange diskusjonar om ressursbudsjettet til hausten, og vi samarbeider med teat og dikult om det nye fellesemnet. Vi er urolege for overtidstimane våre som aldri forsvinn. Det går elles fint, men vi er

skuffa over at Bente ikkje bli erstatta i bemanningsplanen. Vi må nok belage oss på stipendiatar når vi mistar ei stilling.

Daniel: Vi blir oppmoda om å samarbeide, men så vil fakultetet inndra heile teatervitskap. Vi har vore underbemanna lenge. Vi får utlysingar stadig utsett. Har blitt pålagt å sitje i ei arbeidsgruppe for instituttets strategi. Men får vi gjort noko i desse gruppene. Har vi eit apparat knytt til knytt til FUND-utlysingar?

Chat GpT er blitt eit problem. Korleis gjer vi dette? Eg vil gjerne snakke med både studentar og kollegaer om dette.

### Orienteringssak 3: Arbeidsstover i Leganto

Instituttet arrangerer to arbeidsstover i Leganto i veke 15. Her kjem det tilsette frå Universitetsbiblioteket for å både gå gjennom bruken av verktøyet, og for å vere til stades for å hjelpe til med spørsmål slik at ein har høve til å ferdigstille pensumlistene der og då. Signe orienterte.

### Orienteringssak 4: Kontaktperson for å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod

Mona Vervik Uthaug frå studieadministrasjonen ved LLE presenterte seg og snakka om korleis ho kan bidra til å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod ved instituttet.

## UUI-sak: 7/23 Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: Korleis handtere tilbakemeldingar frå studentar om læringsmiljøet

Vi får jamleg tilbakemeldingar frå studentar om læringsmiljøet. Korleis følgjer vi dette opp, og kva er viktig å hugse på?

Keld: Det er jo system for å følgje det opp. Og det er viktig at det blir fanga opp.

Daniel: Kva er spørsmålet. Eg synest dette fungerer reieleg frå instituttets side.

Sarita: Det er jo ei reel frykt for at ei negativ tilbakemelding kan slå ut negativt for studenten.

Saskia: Det er viktig at ein er konkrete og at dei konkrete tilbakemeldingane blir formidla. Om forelesaren skjønner kven det er, har nok studentane prøvd å formidle det før.

Eike: Det er viktig med å få avklara forventingane. Ikkje gjer eit stort nummer ut av. Ta ein prat, handle raskt.

Sarita: Vi sender ut skjema der studentane kan melde inn.

Eike. I Trondheim hadde dei ein tillitsvald som snakka med emneansvarleg nokre gongar i semesteret.

UI-sak 8/23: Ymist

Saskia: Kva skjer med utlysinga av stilling på norrønt?

Anders orienterte om at prosessen snart var i hamn.